

*Ivar Teigum:*

### **Håkåstadstolen i Vågåkyrkja**

Anne Glostrup var fødd i Vågå kring 1650. Bestefaren var biskop, faren var prest, bår ektemennene var prestar, dottera var gift med ein prest, og dotterdottera var gift med ein sorenskrivar. Alle prestane og sorenskrivaren tente i kallet. Frå ho var fødd til ho nærma seg femti budde Anne Glostrup i Vågå prestegard.

Da Anne Glostrup vart enkje andre gongen, tok familien att garden Håkåstad på odal, og Anne flytte dit. Vi reknar med at det var etter dette at ho fekk bygd seg eit galleri i kyrkja. Derifrå kunne ho sjå over kyrkjeromet mot preikestolen, som stod i same høgda som galleriet hennar. I tiåra som følgde, var dette galleriet den faste plassen til embetsfolket i Vågå under høgmissa kvar søndag.

I 1743 kjøpte bondesonen Tosten Iversen Kleppe garden Håkåstad medan eit par damer av folket til Anne Glostrup framleis budde på garden. Men på 1760-talet var dei alle borte, og Tosten hadde tent seg opp odelsrett. Med det var han klar til å innta galleriet etter Anne Glostrup i kyrkja. Dette var ein provokasjon mot embetsfolket. Prest og biskop la ned forbod, og ein søndag før messa møtte lensmannen fram utanfor den private inngangen til galleriet, og freista hindre at Tosten kom inn.

Frå 1723 var bøndene gjorde ansvarlege for soknekyrkjene i landet, og nå samla Tosten Iversen vågåbøndene heime hos seg. Hos dei fekk han medhald i odelskravet på galleriet i kyrkja. Og mot dette våga ikkje styresmaktene å setja hardt mot hardt. På den måten hausta vågåbøndene ein viktig siger.